

Evaluering av Vannvittig-gøy 2024

Område

Tanganeområdet ved badeplassen eignar seg sært godt til ein slik aktivitet. Området er stort med god tilgang til å drive med mange aktivitetar samtidig. Toalett og lett tilgang til straum.

Rigging i forkant

-Det er mykje arbeid for Tor-Øystein med å få på plass utstyret og losse inn i hengar. Tor-Øystein må ha noko meir hjelp i forkant.

Aktivitetar/program

- ✓ Fin oppstart av politiet og SLT-koordinator med fokus på førebygging og viktigheten av sikkerheit i form av redningsvest.
-Merethe kom med forslag om at ein kunne hatt ein del teori i klassene på førehand.
- ✓ Promillestafett mellom vaksne og elevar alltid populært!
- ✓ Tokke ungdomsråd hadde ynskje om at elevane skulle velje fritt mellom aktivitetar utan inndeling i grupper. Det blei bestemt 5 postar som alle måtte innom (for å vere med i trekking av premie)

-Dette fungerte ganske bra , og dei fleste elvar var i aktivitet heile dagen 😊 Sumobryting, hoppeslott, sup-brett, kanoar, boble fotballar, banan/sofa var mest populært.

-Ein ser at enkelte postar(der ein er avhengig av å dele inn i lag) burde vore betre organisert. Enkelte av teambuildingsoppgåvene blei ikkje gjennomført av alle. Her må vi vurdere korleis vi deler inn i grupper til neste år.

-NB! Post 9, flyte over. Her burde det vore større bøtte.

-NB! Ikkje nødvendig med to hoppeslott.

- To båtar hadde vore optimalt til vannaktivitet.

Matservering

- ✓ Vi fekk hjelp av Oksana og Oleksander til matservering. Dei stekte vafflar i forkant, noko som var lurt.
- ✓ Det blei servert pølse i brød/lompe i rasande fart, så alt kring matservering gjekk supert.

-Grill blei tent ca. ein halv time før grillinga tok til. Den var svært varm, så kanskje 45 minutt før.

-Burde hatt noko meir syltetøy og sprøsteikt lauk.

-Ein kan vurdere om ein skulle gått for burger i staden for pølser. Det krev litt meir grillplass, og ein del meir arbeid i forkant med å kutte opp salat.

Nedrigging i etterkant

-Dette må planleggast betre. Ein må gje enkelte klasser oppgåver når ein skal pakke saman for at det skal bli så effektivt som mogleg.